

TEKST: HANNE S. FINSTAD

Alt og alle som lever i naturen, er avhengige av kvarandre. Å forske på korleis alt heng saman, blir kalla økologi. Økologar kallar plantar og algar for produsentar fordi dei utfører fotosyntesen. Oss menneske og mange andre dyr kallar økologane for konsumentar, fordi vi bruker energien plantane og algane har fanga.

Men det finst også ei tredje gruppe. Dei blir kalla nedbrytarar fordi dei lever av døde organismar. Energien i det som er dødt, blir altså òg brukt. Slik kan du studere nedbrytarar viss du lagar kompost i ei flaske:

## Kompost i ei flaske

Du treng:

ei 1 1/2 liters brusflaske

planteavfall

kniv


skjerefjøl

teip


**Slik gjer du:**

1. Viss det er ein etikett på flaska, legg flaska i vatn slik at etiketten losnar.





**2.** Få hjelp frå ein vaksen til å skjere flaska i to cirka 1 cm nedanfor der flaska skår innover.



**3.** Fyll botnen med hushaldningsavfall (frukt- og grønnsaker, skrell, osv.). Det kan også vere planterestar du finn utandørs.



**4.** Teip på toppen av flaska igjen, slik at den blir tett. Skru på korken. Følg med på kva som skjer dei neste månadene. Noter ned det du observerer, og ta gjerne bilde undervegs.

**Kva skjer viss den nedste delen av flaska inneheld jord og mark?**

**Går nedbrytinga raskare viss du stikk små hol i sidene av flaska slik at det kjem luft til?**

**Blir ein type organisk avfall broten ned raskare enn andre typar?**